

Fra: [Johann Roppen](#)
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 38/2020, 29. OKTOBER
Dato: torsdag 29. oktober 2020 12:08:54

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 38/2020, 29. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

HØGSKULESTYRET: STYREMØTE I ULSTEINVIK 29. OKTOBER

[Sakspapira til høgskulestyret finn du på nettsidene våre.](#) På dagsorden på møtet står blant anna orientering om framlegget til statsbudsjett for 2021, satsingsforslag for 2022, studiekvalitetsrapport for 2019/2020, undervegsrapport for planar 2020, planar for 2021, revisjon av retningslinjer for pedagogisk basiskompetanse og rekneskapsrapportering etter eit halvår med korona.

KORONAREGLAR (1) MAKSGRENSE PÅ 50 - AVDELINGSVISE JULEBORD ER AVLYST

Regjeringa har vedteke at private samlingar på offentleg stad eller i leigde eller lånte lokale skal ha ei grense på maksimalt 50 deltakarar. Dette vil gjelde alle våre interne arrangement og seminar. Kriseleiinga har avgjort at alle dei avdelingsvise juleborda skal avlyst. Sjølv om nokre avdelingar er under 50, ønskjer HVO å ha ei felles haldning og det er dessverre ikkje tida for å gjennomføre store sosiale arrangement slik smittesituasjonen utviklar seg no. Kriseleiinga vil kome tilbake med ei avgjerd seinare om det skal vere mogleg å gjennomføre julebord på institutt/seksjon/kontornivå.

Kriseleiinga vil ikkje stogge faglege seminar så lenge deltakartalet ikkje er over 50 personar. Alle må vere ekstra påpasseleg med tanke på smittevern, men kriseleiinga meiner det er viktig å framleis kunne gjennomføre fagleg aktivitetar.

KORONAREGLAR (2) STOPPAR INTERNASJONAL UTVEKSLING UTANFOR EUROPA

Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda har vedtatt at høgskulen ikkje skal sende studentar på utveksling utanfor Europa, og heller ikkje ta i mot studentar frå land utanfor Europa. Når det gjeld utveksling til land i Europa vert ikkje dette stoppa no, men vil bli løpande vurdert framover. Når det gjeld innveksling, altså å ta i mot utanlandske studentar i Volda så vil høgskulen drøfte dette med smittevernmyndet i Volda kommune før det vert teke ei avgjerd.

STUDIEBAROMETERET 2020: GOD START FOR HØGSKULEN I VOLDA

Det er 554 studentar ved Høgskulen i Volda som har fått invitasjon til å svare på spørsmåla i den nasjonale undersøkinga Studiebarometeret. Svarfristen er 13. november. Etter vel ei veke hadde HVO-studentane kome opp ein svarprosent på ca 33 prosent og ligg bra an samanlikna med andre institusjonar. [Her er status for dei einskilde programma på Høgskulen i Volda.](#) Som tidlegare år vil [høgskulen premiere klasser med høg svarprosent.](#)

KRONIKK: ÅTVARAR MOT UNDERFINANSIERING AV LÆRARUTDANNINGA

Rektorane på høgskular og universitet som gir lærarutdanning har i ein [felles kronikk i nettavisa Khrono](#) åtvare mot underfinansiering av det femte året i grunnskulelærarutdanninga. "Det er allerede ropt varsko flere ganger om mangel på kvalifiserte lærere, og dersom det nå blir vedtatt en underfinansiering av masterutdanningen, frykter vi konsekvensene" står det i kronikken som også er signert av rektor Johann Roppen ved Høgskulen i Volda.

HUSBYGGING: STENGT INNGANGSDØR I HANS STRØM-HUSET

Inngangsdøra i Hans Strøm-huset, mot Sivert Aarflot-huset, vert stengt fredag 29.10. frå ca. Kl 11.00 og blir stengt heile helga. Inngangsdøra i Ivar Aasen-huset blir open som vanleg.

TEATER/DRAMASTUDENTAR LAGA KLASSISK RADIOTEATER

Andre klasse ved bachelorutdanninga i teater og drama brukte førre veke til å spele inn høyrespelet Lucifers by av Vegard Steiro Amundsen. Radiostudio var scena i Volda samfunnshus og fredag kunne publikum få høyre innspelinga og sjå studentane spele to av scenene i stykket.

[Les meir på nettsidene våre.](#)

HELSESTASJONEN FOR STUDENTAR HAR FLYTTA TIL RÅDHUSET

Helsestasjon for ungdom og studentar er flytta til rådhuset i Volda. Det er framleis eit gratis tilbod og ein treng ikkje å bestille time. [Les meir på nettsidene våre.](#)

NYE PRISAR TIL ANIMASJONSFILMAR FRÅ VOLDA

Animasjonsfilmar laga av Volda-studentar gjer stor suksess og nyleg vann to ulike filmar pris på velkjende filmfestivalar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

TVERRFAGLEG KONFERANSE: "KULTURMØTE OG INTERKULTURELL KOMMUNIKASJON"

«Kulturmøter og interkulturell kommunikasjon» var det temaet for forskingskonferansen som blei arrangert på Sagafjord Hotel, 22.-23. oktober. [Les meir om konferansen på nettsidene våre.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) GEIR HJORTHOL I NORSK LITTERÆR ÅRBOK

[Professor Geir Hjorthol](#), AHL, har publisert artikkelen «Prosaens stille musikk. Om Lars Amund Vaages poetikk» i Norsk Litterær Årbok 2020 ([lenke til e-bok](#)).

PUBLISERINGAR (3) HOMLONG OG YTTREDAL HAR PUBLISERT I "SUSTAINABILITY"

Professor Nathalie Homlong, ASH, har saman med forskar Else Ragni Yttredal publisert ein artikkel i tidsskriftet «Sustainability»: Artikkelen har tittelen: "[Perception of Sustainable Development in a Local World Heritage Perspective](#)". Publiseringa er gjort som ein del av prosjektet [SUSTRANS \(Sustainable Transportation in Rural Tourism Pressure Areas\)](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#), Ulsteinvik

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)
26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen
3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen
11.12.2020: Semesteravslutning ASH, kl 13.00 i BK Kantina
10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)